

Fiskeridirektoratet
Postboks 185 Sentrum
5804 BERGEN

47

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Hordaland Fylkeskommune

13 DES 2016

Brev fra Brev fra Fiskeridirektoratet angående Fusa kommune Hordaland - Kommunedelplan for akvakultur 2018-2027

Følgebrev fra Fiskeridirektoratet

I perioden oktober-desember 2016 innfører Fiskeridirektoratet sikker digital sending av post, og du vil kunne få all post til din digitale postkasse i Altinn eller til din private digitale postkasse (Digipost eller e-Boks). Samtidig sender vi deg en sms eller e-post og gir beskjed om at det ligger post fra Fiskeridirektoratet i din digitale postkasse.

Virksomheter

Virksomheter kan lese dokumentet elektronisk i Min meldingsboks på www.altinn.no via rollen Post/arkiv. Informasjon om roller og tilgangsstyring ligger under Profiler, roller og rettigheter i Altinn. Varsel sendes til registrert sms eller e-postadresse.

Dokument som ikke er åpnet i Altinn innen 2 virkedager etter at det er tilgjengelig i meldingsboksen, blir skrevet ut og sendt via Posten.

Privatpersoner

Posten vil bli distribuert til mottakers meldingsboks i Altinn, eller til valgt digital postkasse hos Digipost eller e-Boks. Dersom du ikke har valgt en digital postkasse, kan det gjøres her:
<http://www.norge.no/nb/velg-digital-postkasse>

Privatpersoner oppfordres til å oppdatere Kontaktregisteret. Dette er tilgjengelig på:
<http://www.norge.no/nb/oppdater-kontaktinformasjon>

Privatpersoner vil da bli varslet via sms eller e-post om at dokumentet kan leses i den valgte postkassen.

Dokument som ikke er åpnet i Altinn eller valgt digital postkasse innen 2 virkedager etter at det er tilgjengelig i meldingsboksen, blir skrevet ut og sendt via Posten.

Mer informasjon om SvarUt (sikker digital sending av post) finner du på:

<http://www.ks.no/fagomrader/utvikling/digitalisering/svarut/mottak-av-post-gjennom-svarut/>



Fusa Kommune
Postboks 24

5649 EIKELANDSOSEN

Sakshandsamar: Ola Midttun
Telefon: 46888567
Seksjon: Forvaltningsseksjonen i region
Vest
Vår referanse: 16/13713
Dykkar referanse: 16/1096/5
Vår dato: 08.12.2016
Dykkar dato: 20.10.2016

Att: Helle H. Bruland

FUSA KOMMUNE HORDALAND - HØYRING - FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM FOR KOMMUNEDELPLAN FOR AKVAKULTUR 2018-2027 - UTTALE

Vi viser til brev av 20.10.2016 frå Fusa kommune med høyring av forslag til planprogram for kommunedelplan for akvakultur 2018 – 2027.

Fiskeridirektoratet region vest ser positivt på at kommunen har kome godt i gong med å førebu arbeid med akvakulturplanen. Planprogrammet gjev etter vår vurdering ei god oversikt over kva tema kommunen vil fokusere på, kva retningsliner og føringar ein vil nytte, og korleis planprosessen vert organisert. Fokusområda til akvakultur er generelt godt i samsvar med kva Fiskeridirektoratet har gjeve innspel om tidlegare. Ved siste revisjon av arealdelen til kommuneplanen har Fiskeridirektoratet region vest teke opp spørsmål til fiskeri og akvakultur i Bjørnefjorden. Vi legg ved kopi av våre brev av 12.07.2013 og 27.08.2015.

Fiskeridirektoratet si oppgåve i planarbeidet er i første rekke å sjå til at fiskeriinteressene vert tilstrekkelig teke vare på. Vi understreker at det knyt seg sterke fiskeriinteresser til Bjørnefjorden og vi ber kommunen om føre dialog med fiskarane sine interesseorganisasjonar i planprosessen;

Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebø
Slottsgaten 3, 5003 BERGEN
tlf. 55 55 39 80 / 45 47 63 60
e-post: vest@fiskarlaget.no

Midthordland Fiskarlag

Torgeir Seim

Røttingavegen 386, 5216 LEPSØY
Tlf 91642011
e-post: torgeir_1@hotmail.com

Vi minner om at på heimesida til Fiskeridirektoratet finnast eige kartløyising kor ein finn oppdatert informasjon om akvakultur, t.d. godkjente akvakulturlokalitetar. Kartløyisinga inneheldt også data om fiskeområde, marine ressursområde og marint biologisk mangfald (siste er henta frå Miljødirektoratet si naturbase).

Vidare korrespondanse og høyring av planforslag skal sendast til Fiskeridirektoratet region vest på postmottak@fiskeridir.no.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vort sendt utan underskrift

Mottakarliste:

| | | | |
|--------------|-------------|------|---------------|
| Fusa Kommune | Postboks 24 | 5649 | EIKELANDSOSEN |
|--------------|-------------|------|---------------|

Kopi til:

| | | | |
|--------------------------|---------------|------|------------|
| Fiskarlaget Vest | Slottsgt. 3 | 5003 | BERGEN |
| Fylkesmannen i Hordaland | Postboks 7310 | 5020 | BERGEN |
| Hordaland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |
| Kystverket Vest | Postboks 1502 | 6025 | ÅLESUND |
| Mattilsynet | Postboks 383 | 2381 | BRUMUNDDAL |

Vedlegg

Fusa kommune Hordaland - Høyring av forslag til arealdelen av kommuneplanen 2015-2027 - Uttale

Fusa kommune Hordaland - Planprogram for arealdelen av kommuneplan 2015-2025 - uttale



Fusa Kommune
Postboks 24

5649 EIKELANDSOSEN

Sakshandsamar: Ola Midttun

Telefon: 46888567

Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon

Vår referanse: 15/8903

Dykkar referanse:

Vår dato: 27.08.2015

Dykkar dato:

Att: Helle H. Bruland

FUSA KOMMUNE HORDALAND - HØYRING AV FORSLAG TIL AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN 2015 - 2027 - UTTALE


Vi viser til brev av 29.06.2015 frå Fusa kommune med høyring og offentlig ettersyn av forslag til arealdelen av kommuneplanen 2015 – 2027.

Fiskeridirektoratet si rolle og ansvar i den kommunale arealplanlegginga har vi gjort greie for i samband med høyring av planprogrammet i 2013. Vi viser her til vårt brev av 12.07.2013. Der har vi også kome med innspel til tema knytt til arealplanlegging i sjøområda og kva forventingar Fiskeridirektoratet har til kommunen sin arealplan. Frå kommunen har vi fått stadfesta at planframlegget også er sendt til fiskeri- og akvakulturnæringa sine interesseorganisasjonar, sjølv om desse ikkje står oppført på høyringslista. Vi slår fast at innspela våre i hovudsak er følgd opp, og vår samla vurdering er at planforslaget tek tilstrekkelig vare på fiskeri- og akvakulturinteresser i sjøområda. Vi vil likevel ta opp ein skilde spørsmål som vi ønsker avklaring på før planen vert endelig vedteke.


Akvakultur:

Akvakultur er blant hovudtema for rullering av planen og det er sett av areal som skal sikre næringa si drift i dag og i åra framover. Akvakulturområda som er synt på plankartet knyt seg i hovudsak til lokalitetar kor det frå før er gjeve løyve etter akvakulturlova. Vi stiller spørsmål til om plankartet er tilstrekkeleg kvalitetsikra og oppdatert m.o.t. gyldige løyve etter akvakulturregisteret, og peiker t.d. på lokalitet 24035 Håvikvågen S. som ligg utafor ak-område. På plankartet er det sett av ak-område lenger nord der det tidlegare var lagt ut anlegg, men desse løyva trekt attende for fleire år sidan. Sjå illustrasjon under.

Kart Fiskeridirektoratet; gyldige og sletta lokaliteter



Utsnitt fra kommunen sitt plankart



Vi ber kommunen gje tilbakemelding om spørsmålet gjeld teknisk feil i kartet.

Gjennom planprosessen har næringa kome med fleire innspel til nye ak-område. Jf. konsekvensutreiinga vart 5 av innspela tilrådd;

- Drageid (ferskvatn)
- Tombre (ferskvatn)
- Skåtaklubben/Sørskallen (sjø)
- Skrubbo (sjø)
- Lyngneset (sjø)

Lyngneset er ikkje teke med blant ak-områda som er presentert på plankartet og i tabell over nye område på s. 21 i planomtala.

Frå Fusa kommune har vi fått bekrefta at dette skyldas ein teknisk feil, og at denne feilen skal rettast opp. Jf. planføresegna 6.2 Bruk og vern av sjø og vassdrag – fleirbruksområde kan fortøyingsystem for akvakultur og sjøledningar for vatn, avlaup, varmpumpe, straum og telenett tillatast i desse områda. Vi ser positivt på at dette og meiner at dette gjev planen større fleksibilitet med omsyn akvakulturverksemd. **Vi understreker likevel at fortøyingsystem og sjøleidningar må leggjast ut på ein måte som ikkje kjem til hinder for fiske.**

Fiske:

Fiskeri er ikkje blant revisjonstema i planen, og sjøareala som er satt av for fiske er i hovudsak vidareført frå gjeldande arealplan med unnatak av gyteområde som er teke med i planforslaget. Bestand av kysttorsk er redusert gjennom fleire år og Fiskeridirektoratet oppmodar derfor kommunane om å sikre kjente gyteområde gjennom arealplanlegginga. Vi konstaterer at gyteområda som er teke med i planforslaget er i samsvar med Fiskeridirektoratet sine registreringar. Vi har ingen vidare merknader til fiskeritema utover at vi generelt meiner at planen tek tilstrekkeleg vare på desse interessene.

Arealbruk i sjøområda 'Strandvikflaket' og 'Vinnesflaket'

Dei to oppankringsområda 'Strandvikflaket' og Vinnesflaket er vidareført frå gjeldande plan og arealbruk er synt som farlei. I planføresegna 6.3 Farlei gjeld; «Føremålet omfattar hovud- og bilei og ankringsområde. Tiltak og aktivitetar i områda som kan vere til hinder for ferdsel er ikkje tillate». Vi stiller oss ikkje imot dette, men peiker på at det er trong for retningsline som definerer arealbruk i dei to områda som er synt på kartet. **Der må det gå fram at ambulerande verksemd som fiske er tillate i områda så lenge slik verksemd ikkje kjem til hinder for oppankring.** Vi viser samstundes til arealplan for Askøy kommune der ein har valt å løyse likande problemstilling i Hauglandsosen ved å seta av sjøareal til kombinerte føremål 'ankring/fiske'.

Med helsing

Hanne Marie Utvær
fung. seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift

Mottakarliste:

Fusa Kommune

Postboks 24

5649

EIKELANDSOSEN

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Miljøvern- og
klimaavdelinga

5020

BERGEN

Kystverket Vest

Plan- og
Kystforvaltningsavd
elingen

6025

ÅLESUND

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

Mattilsynet

Felles postmottak

2381

BRUMUNDDAL

Fiskarlaget Vest

Slottsgt. 3

5003

BERGEN

Vestnorsk havbrukslag



Fusa Kommune
Postboks 24

5649 EIKELANDSOSEN

Sakshandsamar: Ola Midttun

Telefon: 46888567

Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon

Vår referanse: 13/7146/624 - 3

Dykkar referanse: 12/215 - 7

Vår dato: 12.07.2013

Dykkar dato: 16.05.2013

Att:

Elektronisk post

FUSA KOMMUNE HORDALAND - PLANPROGRAM FOR AREALDELEN AV KOMMUNEPLAN 2015-2025 - UTTALE

Vi viser til brev frå Fusa kommune av 16.05.2013 med høyring og offentlig ettersyn av forslag til planprogram for arealdel av kommuneplanen.

Fiskeridirektoratet region vest sitt ansvarsområde

Fiskeridirektoratet region vest er statleg sektormynde for forvaltning av fiskerinæringa i medhald av lov av 6. juni 2008 nr 37: Lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (Havressurslova), og for forvaltning av akvakulturnæringa i medhald av lov av 17. juni 2005 nr. 79: Lov om akvakultur (Akvakulturlova). I kommunale planprosessar etter Plan- og bygningslova deltek regionkontoret for å sikre at fiskeri- og akvakulturnæringa får gode rammevilkår og for å sjå til at omsynet til marint biologisk mangfald vert ivareteke.

Innspel til planprogram for kommuneplanen sin arealdel

På generelt grunnlag meiner vi at planprogrammet som ligg føre er vel disponert og gjev ei god oversikt over føremålet med planarbeidet, planprosessen, opplegg for medverknad og i kva område det er trong for utgreiing.

På side 8 i planprogrammet er tema som vil bli fokusert på opplista:

- Utvikling av Eikelandsosen som tettstad og kommunesenter
- Areal for utvikling av bustadområde nær kommunesenteret og i bygdene
- Landbruk
- Hytteområde
- Transportaksar og E39
- Utvikla gode nærings- og industriareal
- Areal til friluftsliv/friluftsområde

- Omsynssoner og vern
- Akvakultur
- Strandsoneplan

Fiskeridirektoratet region vest er særskild oppteke av arealbruk i sjøområda, men vi meiner også at det er viktig å sjå samanhengen mellom arealbruk på land og i sjø. Planlegging av bustad- og hytteområde nær sjøen vil generere trong for å nytte sjøareal t.d. tilknyta etablering av småbåthamn og marinaanlegg. Der slike anlegg er i eller i nærleiken av viktige fiskeområde, kan dette medføre auka konfliktpotensial. Tilsvarande kan planlegging av bustadområde, hytteområde og friluftsområde i nærleik av akvakulturverksemd medføre konflikt. Den same problemstillinga vil gjelde for planlegging av nye akvakulturområde.

Fiskeri og marine ressursområde generelt:

Med unnatak av fiske etter villaks, som vert regulert under Lakselova, vert alt fiske i sjøen regulert under Havressurslova. I § 1 til lova heiter det: *"Formålet med lova er å sikre ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av dei villlevande marine ressursane og det tilhøyrande genetiske materialet og å medverke til å sikre sysselsetjing og busetjing i kystområda"*.

Fiskeridirektoratet ser det som viktig å sikre viktige fiskeområde og marine ressursområde gjennom arealplanlegginga. Kartlagde marine ressursområde, t.d. gyteområde, må og sikrast mot arealbruk som kan representere trugsmål mot å oppretthalde dei marine ressursane. Dette er viktig for å sikre driftsgrunnlaget til kystfiskarane, men og viktig for å ta vare på det marine mangfaldet. Ved planlegging av areal til utbygging i strandsona og anna arealdisponering i sjøområda, er det særleg viktig å sjå til at slik arealbruk ikkje kjem i konflikt med bruk av viktige fiskeområde eller at arealbruk kan medføre risiko for bevaring av marint biologisk mangfald. Det er viktig at kommunen legg til rette for at fiskarane sine interesseorganisasjonar får medverke gjennom arealplanprosessen. Her viser vi til *Fiskarlaget Vest og Midthordland fiskarlag*.

Gyteområde kysttorsk:

Bestanden av kysttorsk har i dei seinare åra vore sterkt redusert og fiskeristyresmaktene ser det som ei målsetting å sikre dei lokale bestandane av kysttorsk. Derfor ser vi det som viktig at registrerte gyteområde for torsk vert sikra gjennom arealplanen. Dette gjeld og område der det er registrert ålegrasenger som er viktige oppvekstområde for bl.a. kysttorsk. Fiskeridirektoratet har i fleire år føreteke registrering av gyteområde gjennom intervju med lokalkjende fiskarar. Havforskningsinstituttet i Bergen har seinare føreteke marinbiologiske undersøkingar for å verifisere gyteområde som Fiskeridirektoratet har registrert. Registrerte gyteområde og registrert marint biologisk mangfald finnast på Fiskeridirektoratet sin kartløyning på <http://kart/fiskeridir.no/adaptive/>

Låssettingsplassar:

Låssettingsplassar vert nytta i samband med fiske etter pelagiske artar som makrell, sild, brisling og pale, og er område kor fiskarane oppbevarar levande villfisk i steng/lås før fisken vert levert. Dette er sjøområde kor straum, djupne, botntopografi og andre naturgjevne tilhøve gjer at området er godt eigna for oppbevaring av levande fisk. Bruken av låssettingsplassar vil variere frå år til anna etter kor fiske går føre seg og om det er god eller dårleg fiskesesong. Fiskeridirektoratet har gjennom fleire år føreteke registrering av låssettingsplassar etter intervju med kystfiskarane. På bakgrunn av informasjonen vi får inn vert det føreteke ein vurdering av låssettingsplassane. Låssettingsplassar som vurderast å ha høg verdi bae for kystfiskarar frå Fusa og for kystfiskarar frå andre kommunar, ser vi som viktig å prioritere gjennom arealplanlegginga og vi ber om at slike område takast inn som einkategori område for fiske. Registrerte fiskeområde kan sjåast på Fiskeridirektoratets kartløyising <http://kart/fiskeridir.no/adaptive/>. Vi er enno ikkje ferdig med siste revisjon av data og ber derfor om å få kome tilbake med nærare informasjon om prioritering til dei einskilde registreringane.

Fiskeområde:

Sjøområda i Fusa vert nytta til fiske av fiskarar frå heile Bjørnefjordregionen og tidvis vert områda også nytta av fiskarar frå kommunar utanfor. Det vert nytta bae kystnot og tradisjonelle fiskereiskap som garn, line, teine og ruse, og fiskeriverksemda vil variere etter sesong og tid på året. På generelt grunnlag ser Fiskeridirektoratet det som viktig at kommunen gjennom arealplanlegginga legg til rette for at fiskarane kan nytte felte utan hinder frå anna verksemd. Fiskeområda ligg i hovudsak i ope sjøområde ut frå land. Desse områda kan kombinerast med anna arealbruk dersom slik arealbruk ikkje kjem til hinder eller utelukkar fiske. Vi vil i den samanheng gjere merksam på at fortøyingsystem frå oppdrettsanlegg eller andre faste installasjonar kan medføre konflikt med fiske, og ein må såleis ha eit fokus på denne problemstillinga ved planlegging i sjøområda. Registrerte fiskeområda kan sjåast på Fiskeridirektoratet sin kartløyising <http://kart/fiskeridir.no/adaptive/>.

Akvakultur:

Akvakulturverksemd vert regulert under akvakulturlova. I høve til planlegging etter PBL er det særleg akvakulturloven § 15 som er sentral, *løyve til akvakultur kan ikkje gjevast i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova*. For akvakulturnæringa er det viktig at kommunen legg til rette tilgjengelege sjøareal for vidare utviklinga av næringa i dersom dette er mogleg. Det er viktig med eit godt samarbeid mellom kommunar med felles sjøområde og eit samarbeid om planlegging av felles sjøområde med nabokommunane vil gje eit fortrinn for akvakulturnæringa i regionen. Dette må skje gjennom samarbeid mellom næringa, kommunane og fagmynder. Vi viser her til arbeid med Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger i regi av Hordaland fylkeskommune.

Det er næringa som sit med den viktigaste informasjonen om utviklingstrekk og framtidig trong for areal, og ein må såleis sikre tilstrekkeleg representasjon frå næringa gjennom planprosessen.

Ved planlegging av akvakulturområde meiner vi at det må leggjast større vekt på å synleggjere totalt arealbruk, ikkje berre i overflata, men og i vassøyla og på sjøbotn. Fortøyingar som kryssar utanfor planlagt akvakulturområde kan representere konfliktpotensial t.d. med fiske. Kor store område som vert råka av fortøyingar må bereknast før ein kan vurdere konfliktpotensial med anna arealbruk. Iht. ny Plan- og bygningslov er det no høve til å planleggje for akvakultur i overflate, vass-søyle og på botn.

Med helsing

Ola Midttun
seniorrådgiver

Ingerid Bjørkevoll
rådgiver

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift

Kopi til:

| | | | |
|--------------------------|--|------|---------|
| Fiskarlaget Vest | Slottsgt. 3 | 5003 | BERGEN |
| Fylkesmannen i Hordaland | Postboks 7310 | 5020 | BERGEN |
| Hordaland Fylkeskommune | Postboks7900 | 5020 | BERGEN |
| Kystverket Vest | Plan- og Kystforvaltningsavdel ingen | 6025 | ÅLESUND |